



Kjell Ivar Bjørgen hadde 2.600 underskrifter på listene mot eigedomsskatt som han leverte til lordfører Synnøve Solbakken. (Foto: Kvinnheringen)

**Kjell Ivar Bjørgen frå Halsnøy har overlevert ordfører Synnøve Solbakken lister med nærmare 2.600 underskrifter mot eigedomsskatt. 200 av dei som skreiv under gjorde det på SPAR i Uskedalen.**

Men Bjørgen trur ikkje at aksjonen hjelper. Han trur ikkje noko hjelper mot politikarane no for tida, som han uttrykkjer det. Og han meiner talet på underskrifter kunne ha vore det doble hvis innhentinga hadde vore betre organisert.

Det har ikkje vore vanskeleg å få folk til å skriva under og han har fått svært få negative tilbakemeldingar på initiativet. Men han trur det er ein aukande politikarforakt i samfunnet.

- Det er ikkje lett å forstå kva dei driv med. Folk blir ikkje kloke på dei, seier Bjørgen.

Ordføreren har forståing for engasjementet mot eigedomsskatt men ho ser ikkje for seg at underskriftene endrar noko i saka. Ho visar til ansvaret for å oppretthalda eit godt tenestetilbod og til at det no er snakk om å utvida ein eigedomsskatt som allereie er innført.

På spørsmålet om ho ikkje er redd for å mista velgjarar svarar ho at dei får ta valet når det kjem. Ansvaret for politikarane er å driva kommunen på ein ansvarleg og god måte.

Av Ola Matti Mathisen